

---

# BESTANDSPLAN FOR HJORTEVILT ØYGARDEN KOMMUNE 2025-2029

---



# Innhald

|                                                                                                        |    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| 1. Innleiing .....                                                                                     | 3  |
| 2. Hjortestammen i Øygarden kommune .....                                                              | 4  |
| 2.1. Status og utvikling i bestanden .....                                                             | 4  |
| Utvikling i sett hjort, fellingsprosent mv. ....                                                       | 6  |
| 2.2. Vårteljing .....                                                                                  | 9  |
| 2.3. Utvikling i kondisjon, slaktevekte .....                                                          | 9  |
| 2.4. Kjønn og aldersstruktur i hjortestamma .....                                                      | 12 |
| 2.5. Beiteskader, uttak av dyr med lave slaktevekte m.m.....                                           | 12 |
| 3. Mål og tiltak for forvaltninga av hjort .....                                                       | 14 |
| 3.1 Kommunale målsetningar for hjorteforvaltninga.....                                                 | 14 |
| 3.2 Kommunale delmål for hjorteviltforvaltning og tiltak i bestandsplanen for 2025-2029 ..             | 15 |
| «Ei livskraftig og sunn hjortestamme» .....                                                            | 15 |
| «Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert» .....                                                         | 16 |
| «Redusere skadeomfanget i høve til andre interesser» .....                                             | 17 |
| «Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur» .....                                                 | 18 |
| «Auke reproduksjonsevna i bestanden» .....                                                             | 19 |
| 3.3. Avskytingsplan for perioden 2025-2029 .....                                                       | 20 |
| 4. Fallvilt.....                                                                                       | 21 |
| 5. Søknad om fellingsløyve.....                                                                        | 22 |
| 6. Arbeid med oppdatering av teljande areal for Øygarden kommune .....                                 | 23 |
| 6.1. Gjennomgang av vald og jaktfelt for å få etablert ein oppdatert oppmåling av teljande areal ..... | 23 |

# 1. Innleiing

Formålet med «Bestandsplan for hjortevilt Øygarden kommune 2025-2029» er å få vidareført ein plan for forvaltninga av hjortestammen i heile kommunen.

Bestandsplanen bygger på målsettingane i den kommunale planstrategien for hjortevilt som vart vedteken av kommunestyre i 2020. Planstrategien skildrar kommunen sine mål for hjorteviltforvaltninga og er styrande for den kommunale forvaltninga og jaktrettshavarane si planlegging. For at jaktrettshavarane sine bestandsplanar skal verte godkjent av kommunen, må dei følgje dei rammene og føringane som er gjeve i kommunen sin planstrategi.

Planen skal vere eit styringsverktøy for forvaltning av hjort i Øygarden kommune. Bestandsplanen skal bidra til å gjere forvaltninga av hjortestammen mest mogleg kunnskapsbasert, tydeleggjere rollene og ansvarstilhøve mellom offentlege og private aktørar samt bidra til at kommunen sine målsetningar for hjorteforvaltninga blir oppnådd

Vidare skal bestandsplanen vere eit verktøy for å setje rammene for tildeling av fellingsløyve til alle jaktfelte. I arbeidet med denne planen har vi henta inspirasjon frå andre kommunar i Vestland sine bestandsplanar og hatt dialog med og innspel frå styret i Hjorteforvaltninga i Øygarden, kommunal viltforvaltar og viltansvarleg i Vestland fylkeskommune.

Spilda 30.04.25


*Kåre Torsvik*

Hjorteforvaltninga - Øygarden

## 2. Hjortestammen i Øygarden kommune


### 2.1. Status og utvikling i bestanden

Hjortebestanden i kommunen har som på resten av vestlandet auka monaleg sidan byrjinga av 1990 talet. Som figuren nedanfor viser, auka avskytinga i det største valdet i kommunen – Sund hjortevald - jamt og trutt frå 12 felte dyr i 1986 til 83 felte dyr i 2021. For heile kommunen vart det tildelt 250 løyve i 2021. Av desse vart 208 dyr felt. Dette var ein fellingsprosent på 83,2%, noko som er svært bra.




Figur 1

Det er store manglar når det gjeld statistikk i hjorteviltportalen for Øygarden kommune før 2015. Ein har likevel vald å vise ei utviklingslinje i kommunen basert på det som er registrert i portalen;




Figur 2

I 2024 vart det tildelt totalt 259 løyve i kommunen, som er nedgang på 31 løyve i frå toppen i 2022. 253 av løyva vart tildelt Øygarden storvald og 6 Sæle/Hjelme vald. Samla jaktareal i kommunen i 2025 er 200 727. Storvaldet utgjer 195 639 daa og Sæle/Hjelme 5088 daa. Storvaldet utgjer dermed ca. 98% av det totale jaktarealet.




Figur 3



Figur 4


Tal felte dyr i kommunen auka til en topp på 231 dyr i 2022, som var første året av første bestandsplan. I planen var det særleg fokus på auka uttak av dyr i område med beiteskadar i landbruket. Dette auke uttaket har ført til ein nedgang i bestanden i tråd med den kommunale målsetjinga om å redusere beiteskadar frå hjort i viktige landbruksområde. I 2023 og 2024 vart det difor felt noko færre dyr enn tidlegare (hhv 203 og 186). Nedgangen fra 2022 til 2024 var på 45 felte dyr.



Figur 5

## Utvikling i sett hjort, fellingsprosent mv.


Sett hjort er ei registrering av dyr jegerane ser når de er ute på jakt. Registreringa skal leggjast inn i Hjorteviltregisteret etter kvar økt ute i terrenget.



Figur 6


Som ein ser i figur 6, vart det registrert totalt 2534 sette dyr i 2024. Dette er ikkje unike dyr, for same dyr kan vere registrert fleire gonger. Sett hjort gjev likevel ein indikasjon på status når ein ser variasjonane over tid og samanliknar år for år. Det var stor variasjon og manglar i bruken av sett hjort før bestandsplanen kom på plass i 2022. Talmaterialet før 2022 er dermed ikkje reelt. Det er framleis rom for forbedring i registrering av sett hjort. Registreringar skal også gjerast når ein er ute og ikkje ser dyr, noko som det syndast ein del imot.

Når det gjeld utviklinga i sett hjort frå 2022, vart det nådd ein topp i 2023 med i underkant av 3000 observasjonar etterfølgd av ein klar nedgang i 2024. Dette tyder saman med nedgangen i felte dyr, på at det har skjedd en reell nedgang i bestanden dei siste åra.



Figur 7


Fellingsprosenten har gått ned kvart år frå 2018 og var 73,5% i 2024.



Figur 8


Felte dyr per jegerdag viser også en nedgang fra 2021. I likskap med “Sett hjort” var det manglende rapportering før 2022.

Dei siste 3 åra med felles bestandsplan har storvaldet hatt stort fokus på at alle jegerar må rapportera i app'en ("Sett og skutt") kvar gong dei er ute på jakt sjølv om dei ikkje feller dyr.




Figur 9

Figuren viser kva type dyr som vart felt i perioden 2010- 2014. Figuren viser en betydeleg nedgang i uttak av vaksne bukkar, i tråd med målsetningane i førre bestandsplan om å ta vare på dei store bukkane. Vi ser også at uttaket av ungdyr og kalv har auka. Dette har ført til at fleire dyra i kjønnsmoden alder (produksjonsdyr) har fått leve.



Figur 10

Tal kalvar pr kolle auka noko frå 2023 til 2024 sjølv om det vart skote meir kalv desse åra enn tidlegare. Dette understrekar at sjølv om ein aukar uttaket av kalv, vil det likevel utgjere berre ein liten del av samla bestandsplan og vil då ikkje ha noko påverknad av betydning på kalvebestanden.




Figur 11

Det har vore ein svak oppgang for sett kolle per bukk og kalvar per kolle frå 2023 til 2024. Dette kan tyde på at det er noko fleire koller i bestanden enn tidlegare. Det er vanskeleg å sei sikkert om sidan endringane er små.

## 2.2. Vårteljing

Sund hjortevald var det einaste valdet som gjennomførte systematisk vårteljing av hjort frå 2011 fram til 2022. Når den første bestandsplanen vart etablert, var vårteljing for heile kommunen ei prioritert oppgåve.



Figur 12


Ein må ha fleire år med vårteljinga før ein kan sjå eventuelle trendar.

## 2.3. Utvikling i kondisjon, slakteveker

«Overvåkingsprogrammet for hjortevilt» som har samla inn kjevar og ovarier (eggstokkar) frå felte hjort i lag med data om slaktevekt, fellingstidspunkt mv. har gjeve mykje kunnskap om


bestandsstruktur, vektutvikling og reproduksjons- evne i hjortebestandane. I programmet har ein registrert ein jamleg nedgang i slaktevektar for kalv over lengre tid.

I Øygarden kommune er det registrert følgjande utvikling i gjennomsnittsvektar for kalv;



Figur 13

Figuren viser ein nedgang i gjennomsnittsvektene for kalvar frå 2015 til 2023. Frå 2023 til 2024 er det registrert ein liten oppgang. Det er for lite talmateriale til å trekke konklusjonar av. Eit viktig moment er at ein i storvaldet har innført veking av alle felte dyr der ein tidlegare berre “rusa vektene”.




Figur 14

For koller varierer gjennomsnittsvektene lite. Frå 2023 til 2024 viser grafen at gjennomsnittsvakta for bukkar auka med ca. 9 kg. Dette kan ha samband med at Hjorteforvaltninga innførte storbukkeløype (maks. 8 felte storbukkar per år) frå 2022 for å ta vare på dei største bukkane.

Reproduksjonsevna i hjortebestandane i Vestland har gått ned i takt med vektreduksjonen. Dette då andelen 1,5 åringar hodyr som kjem i brunst og får fram kalvar som 2 åringar er sterkt redusert. Hodyr må vere over 40 kg før det er sannsynleg at dei går i brunst og tek kalv.

For region Sogn og Fjordane gjekk andelen 1,5 åringar koller som tok kalv ned frå 69 % i 1992 til 31 % i 2020; ein reduksjon på 55 %. Ungdyr utgjer ein stor del av bestanden, noko som påverkar den totale produksjonsevna i bestanden negativt. Små koller bidrar i tillegg til lave kalvevektar noko som fører til høgare kalvedødelegheit og redusert vekt også når dei vert vaksne.

I Øygarden kommune er det registrert følgjande vektar for ungdyr;



Figur 15

| Jaktår | Hannkalv |        | Hunnkalv |        | Bukk 1 ½ år |        | Kolle 1 ½ år |        | Bukk 2 ½ år og eldre |        | Kolle 2 ½ år og eldre |        |
|--------|----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------------|--------|----------------------|--------|-----------------------|--------|
|        | Gj.snitt | Antall | Gj.snitt | Antall | Gj.snitt    | Antall | Gj.snitt     | Antall | Gj.snitt             | Antall | Gj.snitt              | Antall |
| 2022   | 23,75    | 28     | 24,15    | 27     | 48,64       | 39     | 39,51        | 37     | 76,93                | 40     | 55,39                 | 38     |
| 2023   | 22,04    | 28     | 21       | 21     | 48,54       | 37     | 42,28        | 36     | 67,57                | 42     | 54,9                  | 40     |
| 2024   | 24,33    | 21     | 21,67    | 18     | 48,2        | 41     | 41,82        | 38     | 76,87                | 31     | 54,11                 | 36     |

Figur 16.

Gjennomsnittsvekta for koller 1½ år var 41,8 kg i 2024 som er lavt då 1½ årige hoer bør vege kring 45 kg. Lave vektor på koller kan påverke reproduksjonsevna til hjortestammen i kommunen i åra framover. For spissbukkar var gjennomsnittsvekta i 2024 48,2 kg, noko som er innanfor normalen. Det kan ha samband med at også 2½ åringar vart rekna som spissbukk, noko som dreg gjennomsnittsvekta opp.

Gjennomsnittleg vekt for hannkalvar har auka i perioden 2022-2024 med 0,6 kg. For hokalvar har vekta i same perioden gått ned med 2,5kg. Nedgangen kan ha samband med at det vart felt ein del kalvar som var fødte seint på året. Desse hadde svært lav vekt (10-15 kg) og ville ikkje kunne

overleve vinteren. Nedgangen kan dermed ikkje tolkast som ei indikasjon på ein generell reduksjon i kalvevektene.

## 2.4. Kjønn og aldersstruktur i hjortestamma

I høve kalvevektene er det ikkje berre bestandstettleiken som spelar inn; kalvingstidspunktet er og avgjerande for vektutviklinga. Tidleg kalving vert rekna som ein stor fordel då kalvane får med seg meir av den mest produktive beitetida tidleg på sumaren med høgt proteininnhald i vegetasjonen.

Store og eldre koller i god kondisjon kjem tidleg i brunst og før oftast fram store kalvar som vert kalva tidleg. Dette har stor betydning for vektutviklinga til kalvane og dermed og kor store dei vert som vaksne. Koller som vert para (for) seint kan kompensere for dette ved å korte ned drektigheitstida noko. Dette inneber då oftast mindre og svakare kalvar som likevel vert fødde seint og er såleis heller ikkje positivt i høve vektutviklinga.

Å ha tilstrekkeleg med vaksne hanndyr i bestanden påverkar kalvevektene. Brølinga til dei eldre bukkane kan framskande og synkronisere brunsten hjå kollene. Kolla må parast innan eit tidsrom på om lag eit døger dersom det skal verte kalv. Om den ikkje vert para då kan den gå i brunst igjen om ca. 18 dagar. Dette inneber seinare paring som gjev lågare kalvevektar. Godt vaksne hanndyr som har samla seg eit «harems» som dei fylgjer har og ofte erfaring og vil kunne pare kollene når dei er klare. Mangel på vaksne bukkar kan difor vere årsak til manglande paring og dermed sein brunst.

Vaksne hanndyr har lenge utgjort ein stor del av det samla jaktuttaket. Dei seinare åra er hanndyrdelen i uttaket er redusert. For dei siste 6 åra utgjorde den 17,3 % på landsbasis. For Øygarden var andelen bukkar 19,4% i perioden 2022-2024 samanlikna med 24% i 2018. Det er svært positivt at ein har klart å redusere andelen bukkar i jaktuttaket.

Sett kolle per bukk tilseier at andelen hanndyr i bestanden har vore aukande dei siste 10 åra, noko som tyder på at utviklinga går rett veg. Ein auke i Sett spissbukk per bukk tilseier derimot at gjennomsnittsalderen på hanndyra har gått ned.

Auka gjennomsnittsalder for både hann og hodyra i bestanden vil vere med å leggje grunnlaget for auka kalvevektar. Beste tiltaket for å gjere dette er å ha ein stor del av jaktuttaket som kalv og ungdyr og spare dei vaksne dyra særleg dei over 6-8 år.

Resultat frå *Overvåkingsprogrammet* tilseier at med den avskytinga som har vore vanleg hittil, vert berre ca. 11 – 12 % av fødde kalvar felt det året dei er kalv. Det er såleis inga fare for å felle for mykje kalv.

## 2.5. Beiteskader, uttak av dyr med lave slaktevekter m.m.

Beiteskadeløyve:

| 2022 | 2023 | 2024 | totalt |
|------|------|------|--------|
| 12   | 7    | 3    | 22     |

Figur 17

Hjorteforvaltninga har hatt stort fokus på å redusere beiteskadane i kommunen og har difor tildelt ekstra løyve til landbruksområde med beiteskadar frå hjort. Det vart tildelt totalt 22 beiteskadeløyve

i perioden 2022-2024 jf. figur 17. Som ein ser av tabellen, har talet på søknadar falle markant i perioden, noko som tyder på at behovet for beiteskadeløyve er redusert dei siste tre åra.

Den norske hjorten er klart redusert i kroppsstørleik og vekt gjennom de siste 30-40 åra. Dette har i stor grad samanheng med auka bestandstettleik og konkurranse mellom individa om dei mest næringsrike beiten. Småe og svakt utvikla individ utgjer ein stadig større del av bestanden. Dermed aukar også sannsynet for at små individ parar seg med kvarandre, noko som over tid forsterkar utviklinga i retning av fleire og mindre dyr i bestandane.

Jegerar vil gjerne skyte store individ når dei har moglegheit til å velje størrelse innan kjønns- og aldersgrupper. Dette kan ha uheldige følger for bestanden si utvikling på sikt. Det er derfor ønskeleg med tiltak som får jegerar til å velje små og dårleg utvikla individ i større grad enn tilfellet er i dag.

Hjorteforvaltninga har i perioden 2022-2024 hatt fokus på uttak av små og svake dyr. Når det har vore felt dyr som er uvanleg små har jaktlaget kunne behalde dyret og samtidig blitt kompensert med eit nytt løyve i same kategori (såkalla skrapdyrløyve).

|                             | 2022 | 2023 | 2024 | totalt |
|-----------------------------|------|------|------|--------|
| Utviklinga i skrapdyrløyve: | 10   | 12   | 7    | 29     |

Figur 18

Hjorteforvaltninga tildelte totalt 29 slike løyve i perioden 2022-2024. Dei alt vesentlege av desse løyva gjaldt ungdyr og kalvar; tre skrapdyrløyve gjaldt vaksne koller og bukkar.

Hjorteforvaltninga ønskjer å vidareføre denne ordninga i den nye bestandsplanen.

Nye vektgrenser:

For perioden 2025-2029 vil hjorteforvaltninga gje skrapdyrløyve for;

- Kalvar av begge kjønn med slaktevekt under 16.0 kg.
- Spissbukk med slaktevekt under 32.0 kg.
- Fjorkolle med slaktevekt under 30.0 kg.

Dyr som det vert søkt om å få erstatta med dette grunnlaget må kunna dokumenterast. For vaksne dyr må ein vurderer kvar situasjon særskilt. Sjuke eller skadde dyr som vert felt kan overførast til kommunen for vidare disposisjon. Då vert desse rekna som fallvilt. Om ein veljar å behalda desse dyra, vert dei ikkje rekna som fallvilt og vil gå av fellingskvoten.

Hjorteforvaltninga vil søkje om eit tal løyve i tillegg til dei arealbaserte løyva, som vil kunne brukast til å erstatte løyve for dyr som fell inn under dei vektgrensene som er skissert over. Vidare ønskjer Hjorteforvaltninga å få mogelegheit til å redusere fellingsavgifta for felte dyr med låge slaktevekter. Dette vil bli tatt nærere opp med kommunen før jaktseasonen 2025.

### 3. Mål og tiltak for forvaltninga av hjort

#### Mål i bestandsplanen for bestandsutvikling i perioden 2025-2029

For perioden 2025-2029 er målet i denne planen å stabilisere hjortebestanden i kommunen på noverande nivå med moglegheit for ein reduksjon av bestanden i landbruksområde med beiteskadar kor det er aktiv landbruksdrift.

#### 3.1 Kommunale målsetningar for hjorteforvaltninga

I 2020 vedtok Øygarden kommune «Forvaltning av hjortevilt, kommunale mål og planstrategi» med mål for hjorteforvaltninga i kommunen. Dei overordna måla i det kommunale strategidokumentet er:

- **Ei livskraftig og sunn hjorteviltstamme**

Bestanden av hjort skal stabiliserast innafor eit nivå som til ei kvar tid vert vurdert som berekraftig av kommunen, både i høve til bestanden sin kvalitet og i høve verksemda i andre samfunnssektorar. Hjortebestandane skal gje mest mogleg stabil avkastning som grunnlag for ein sunn økonomisk og rekreasjons messig utnytting.

- **Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur**

Hjortebestanden skal ha ein forsvarleg kjønns- og alderssamansetjing som gjer at den kan oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon. I dette ligg det at ein skal sikre at hjortestamma har tilstrekkeleg med store bukkar og vaksne koller, og at avskytinga bør i stor grad vere retta mot kalv og ungdyr.

- **Sikre samarbeid og samhandling mellom alle aktørane i hjorteviltforvaltninga**

Forvaltninga skal sikre eit godt samarbeid mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar og med andre sektorar som vert påverka. Hjortebestanden skal ikkje representere ein trugsel mot anna biologisk mangfald.

- **Kunnskapsbasert forvaltning**

Hjorteviltforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Den skal vere basert på tilstrekkeleg kunnskap om hjorteviltet sin økologi og plassen den har i naturmangfaldet.

- **Redusere skadeomfang**

Forvaltninga skal jobbe for at skadeomfanget knytt til jord- og skogbruk vert redusert. Det skal jobbast for at det er færrast mogleg viltpåkøysler.

## 3.2 Kommunale delmål for hjorteviltforvaltning og tiltak i bestandsplanen for 2025-2029

Den kommunale planstrategien inneheld delmål som skal bidra til at dei overordna måla i strategien skal oppnåast. Bestandsplanen for perioden 2025-2029 legg desse delmåla til grunn og inneheld i tillegg tiltak for å sørge for at bestandsplanen bidrar til at dei kommunale måla kan oppnåast.

### «Ei livskraftig og sunn hjortestamme»

For at dette overordna målet skal kunne oppnåast, har den kommunale strategien følgjande delmål;

- Hjortebestanden skal haldast innafor bereevna til habitatet
- Produksjonsevna til hjortebestanden skal vere stabil
- Helsetilstanden skal generelt holdast på eit høgt nivå
- Forvaltninga skal leggje vekt på bevaring av det biologiske mangfaldet, hjortebestanden skal ikkje forringe det biologisk mangfaldet
- Hjorteforvaltninga skal ta omsyn til jord- og skogbruksinteressar, her under sikre at hjortebestanden ikkje påfører aktive bruk betydelege økonomiske tap som følgje av beiteskadar på skog og innmark.

Aktuelle tiltak i bestandsplanen for perioden 2025-2029 for å nå desse målsetjingane er:

|    | <b>Tiltak i bestandsplanen 2025-2029</b>                        | <b>Vurdering av kva som er oppnådd i førre periode samt vidareføring i noverande plan</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|----|-----------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Auka uttak av produksjonsdyr i område der bestanden er for stor | I førre perioden vart det gitt ekstra løyve i landbruksområde med beiteskadar for å redusere tal produksjonsdyr i desse områda. Behovet for slike løyve vart redusert gjennom perioden med størst uttak i 2022. Tiltak vil bli vidareført i den grad det er naudsynt. Hjorteforvaltninga vil søke kommunen om 10 ekstra løyve per år for perioden 2025-2029 for dette føremålet |
| 2. | Uttak av små/svake dyr (skrapdyr)                               | I perioden 22-24 vart det gitt løyve til uttak av 29 skrapdyr. Tiltaket med å tildele skrapdyrløyve ved felling av små/svake dyr vil bli vidareført i neste periode. Hjorteforvaltninga vil for perioden 2025-2029 søke om 15 løyve per år til dette føremålet.                                                                                                                 |
| 3. | Kartlegging av beiteskadar og konsekvensar av overbeiting       | Tildeling av ekstra løyve for område med beiteskadar vart i perioden 2022-2024 gjort på grunnlag av søknad til Hjorteforvaltninga frå grunneigarane som er dei som kjenner behovet.                                                                                                                                                                                             |

|    |                                                                                                                      |                                                                                                                                                                                                                                                                |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    |                                                                                                                      | Hjorteforvaltninga gjennomfører ikkje registreringar av beiteskadar utover dette.                                                                                                                                                                              |
| 4. | Fellingsresultat, sett-hjort og slaktevekt skal registrerast i hjorteviltregisteret , kontroll av faktisk jaktuttak. | Hjorteforvaltninga har i heile førre perioden hatt stort fokus på å få jegerar til å bruka Hjorteviltregisteret, både med omsyn til registrering av 'Sett og skutt' og slaktevekt ved veking av dyra. Tiltaket vil bli vidareført i neste bestandsplanperiode. |
| 5. | Gjennomføring av kjeveanalyse                                                                                        | Hjorteforvaltninga har gjennomført kjeveanalyse av felte dyr under jakta i 2023. For meir info sjå vedlegg nr. 5. Det vert ikkje lagt opp til å gjennomføre ny kjeveanalyse i kommande periode.                                                                |

## «Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert»

For at dette overordna målet skal kunne oppnåast, har den kommunale strategien følgjande delmål;

- Styrke den generelle kunnskapen om hjortebestanden
- Auka kunnskap om hjorten sin arealbruk og trekkmonster
- Informasjonsinnhenting
- Organisert vårteljing

Aktuelle tiltak i bestandsplanen for perioden 2025-2029 for å nå desse målsetjingane er:

|    | <b>Tiltak i bestandsplanen 2025-2029</b>              | <b>Vurdering av kva som er oppnådd i førre periode samt vidareføring i noverande plan</b>                                                                                                                                                                                        |
|----|-------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Kartlegging av kjerneområde for hjort i kommunen      | Hjorteforvaltninga har eit godt bilde av tettleiken av hjort i dei ulike områda i kommunen.                                                                                                                                                                                      |
| 2. | Obligatorisk «sett-hjort» registrering for alle valda | Nesten alle jaktfelte i Øygarden storvald har registrert data i «sett og skutt». Det vil vere stort fokus på dette også i neste periode.<br><br>Nokre jaktfelt har ikkje registrering i det hele, korkje «sett og skutt» eller jakting. Hjorteforvaltninga vil undersøkje nærare |

|  |  |                                                                                                                                                                           |
|--|--|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  |  | <p>kva årsakene til dette er og gjere naudsynte tiltak.</p> <p>Det vil og verte rydda i oversikten over aktive jaktfelt. Jaktfelt som ikkje er aktive vil bli sletta.</p> |
|--|--|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

## «Redusere skadeomfanget i høve til andre interesser»

For at dette overordna målet skal kunne oppnåast, har den kommunale strategien følgjande delmål;

- Redusere hjortebestanden innafor kjerneområde og område med aktiv jord- og skogbruk
- Kartlegging av beiteskadar og konsekvensane av overbeiting
- Talet hjortepåkøyrslar skal reduserast til eit minimum
- Kartlegging av utsette område for påkøyrslar
- Trafikkskadd hjort skal handterast på ein profesjonell måte

Aktuelle tiltak i bestandsplanen for perioden 2025-2029 for å nå desse målsetjingane er:

|    | <b>Mål og tiltak i bestandsplanen 2025-2029</b>                                       | <b>Vurdering av kva som er oppnådd i førre periode samt vidareføring i noverande plan</b>                                                                                                                                                                              |
|----|---------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Redusere hjortebestanden innafor kjerneområde og område med aktivt jord- og skogbruk. | Dette er kommentert tidlegare i planen.                                                                                                                                                                                                                                |
| 2. | Reduksjon av hjortebestanden i område med mykje skadepress                            | Hjorteforvaltninga har hatt stort fokus på å få redusere bestanden i område med stort skadepress. Dette tiltaket vil bli vidareført i neste periode.                                                                                                                   |
| 3. | Kontinuerleg oppdatering av fallviltregister                                          | Ettersøksringen har ansvar for å oppdatere fallviltregisteret. I Hjorteviltregisteret finn ein alt fallvilt som er rapportert i perioden. Dette tiltaket vil bli vidareført i neste periode.                                                                           |
| 4. | Rydding av kantvegetasjon langs utsette strekningar                                   | Dette er eit ansvar som ligg til vegeigar. Kommunen og fylkeskommunen har eigne program for kantslått. Hjorteforvaltninga vil senda innspel til fylket og kommunen i perioden om særleg utsette strekningar og område. Moglege tiltak kan vere utvida ryddebelte eller |

|    |                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|----|---------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    |                                 | ledegjerder for å styre kryssingane til meir oversiktlege strekningar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| 5. | Skilting av utsette strekningar | Hjorteforvaltninga fekk i førre periode fleire innspel frå innbyggjarar i høve særskilt utsette strekningar kor hjorten kryssar vegane. Hjorteforvaltninga vil senda innspel i perioden om særleg utsette strekningar til fylket og kommunen. Et mogleg tiltak kan vere å tilpasse skiltinga betre både med omsyn til avgrensing i utstrekning og tidsrom. Andre tiltak kan og vere aktuelle. |

## «Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur»

For at dette overordna målet skal kunne oppnåast, har den kommunale strategien følgjande delmål;

- Forvaltninga av hjort skal vere bestandsretta basert på godkjente bestandsplana
- Målsetjingar for bestandsnivå og bestandsstruktur skal speglast i avskytings planar
- Sikre rett avskytings profil – som eit utgangspunkt bør det vere 20 % kalv, 40 % ungdyr og 40 % eldre dyr, med lik fordeling av kjønna
- Auka kunnskap om kjønns- og alderssamansetjing i hjortebestanden
- Ta omsyn til lokale variasjonar – områder med mykje hjort kan ha ein meir offensiv avskytings politikk enn i andre områder

Kalvevektene som er avgjerande for vektutviklinga til dyra seinare og med det reproduksjonsevna i bestandane vert påverka av mange faktorar. Her reknar ein at bestandsstrukturen med kjønnsfordeling og gjennomsnittsalder blant produksjonsdyra spelar ei vel så viktig rolle som beitekonkurranse. Å snu trenden med reduserte slaktevektar er ikkje gjort på nokre få år, men dess tidlegare ein set inn tiltak dess raskare vil ein få resultat. Viktigaste tiltaket for å snu utviklinga vil vere å auke gjennomsnittsalderen blant dei vaksne dyra og å syte føre at det er tilstrekkeleg med vaksne hanndyr i bestanden.

Store, eldre bukkar i bestanden fører til framskoten brunst, tidlegare paring og tidlegare fødsler. Kalvar som er født tidlegare på våren har ein lengre periode til rådvelde til å byggje opp næringsreservar slik at den vert betre rusta til vinteren. Uttaket av bukk og koller bør vere om lag halvt om halvt, og ein bør ha fokus på kalv og ungdyr då dette er dyr som er på veg inn i stammen og som naturleg har størst dødelegheit.

Aktuelle tiltak i bestandsplanen for perioden 2025-2029 for å nå dei kommunale delmåla over er:

|    | <b>Mål og tiltak i bestandsplanen 2025-2029</b>                                     | <b>Vurdering av kva som er oppnådd i førre periode samt vidareføring i noverande plan</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Forvaltninga av hjort skal vere bestandsretta basert på godkjente bestandsplanar    | Hjorteforvaltninga har frå 2022 –2024 forvalta hjortestamma etter ein godkjent bestandsplan. Forvaltning med bestandsplan vil bli vidareført. Den nye bestandsplanen vil gjelde for perioden 2025-2029.                                                                                                                                                                                                                                                  |
| 2. | Målsetjingar for bestandsnivå og bestandsstruktur skal speglast i avskytings planar | Bestandsplanen for 2022-2024 brukte ein fordelingsnøkkel henta frå dei nasjonale måla med 20% fordeling for kalv, ungdyr, kolle og bukk. Faktisk fordeling for perioden går fram av figur 17 nedanfor, kor ein m.a. ser at delen kalv endte opp ein del høgare på 24% for perioden. For neste periode vil ein i tråd med tilråding frå viltansvarleg i fylket auke uttaket av kalvar noko (min. 25%) og også ytterlegare redusere uttaket av vaksne dyr. |

|                 | Kalv    | ungdyr, ho | spissbukk | kolle   | bukk    | totalt  |
|-----------------|---------|------------|-----------|---------|---------|---------|
| Talet           | 149     | 120        | 115       | 116     | 120     | 620     |
| %-vis fordeling | 24,03 % | 19,35 %    | 18,55 %   | 18,71 % | 19,35 % | 77,89 % |

Figur 17 Tal felte dyr for Øygarden storvald 2022-2024

## «Auke reproduksjonsevna i bestanden»

Grunna låg gjennomsnittsalder blant dei vaksne dyra i bestandane er reproduksjonsevna lågare enn det den kunne ha vore. Viktigaste tiltaket for å betre dette er å auke gjennomsnittsalderen, særleg for store bukkar, noko som og vil gje meir robuste og stabile bestandar.

Aktuelle tiltak i bestandsplanen for perioden 2025-2029 for å nå målsetjinga om auka reproduksjonsevne i bestanden er:

|    | <b>Mål og tiltak i bestandsplanen 2025-2029</b>               | <b>Vurdering av kva som er oppnådd i førre periode samt vidareføring i noverande plan</b>                                                                                                                                                                                                                                                               |
|----|---------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Auke andelen av store bukkar (med over 10 taggar) i bestanden | I førre periode hadde Hjorteviltforvaltninga eit tak på 8 store bukkar felt per år. Tiltaket vil bli vidareført i neste periode                                                                                                                                                                                                                         |
| 2. | Auka del av vaksne koller i bestanden                         | Det vart forsøkt i førre periode å redusere uttaket av vaksne koller under jakta. Dette var krevjande då det er naudsynt med erfaring hjå jegerar for å sjå forskjell på koller med ulike alder. Tiltaket vil bli vidareført i neste periode med eit fokus på å opplyse jegerar om særlege kjenneteikn for å skilje mellom unge vaksne og eldre koller. |

### 3.3. Avskytingsplan for perioden 2025-2029

Følgjande avskytingsplan vil vere gjeldande for ny bestandsplan for perioden 2025-2029;

| Type dyr  | Kalv | 1 ½ år gamle hodyr (minimum) | 1 ½ år gamle hanndyr (minimum) | Eldre hodyr (2 1/2 år og eldre) (maksimum) | Eldre hanndyr (2 1/2 år og eldre) (maksimum) | totalt |
|-----------|------|------------------------------|--------------------------------|--------------------------------------------|----------------------------------------------|--------|
| Fordeling | 25%  | 20%                          | 20%                            | 17,5%                                      | 17,5%                                        | 100%   |

Ved fastsetjing av fordelinga er det m.a. teke omsyn til innspel frå viltansvarleg i fylket.

## 4. Fallvilt


I perioden 2010-2021 auka talet av registrerte påkøyringar av hjort frå 10 til 19 pr. år. Påkøyrslar fører med seg store lidingar for dyra og fare for skader på både køyretøy og personar. Talet påkøyringar heng ofte saman med bestandsstorleiken og har auka vidare etter 2021 jf. tabellen nedanfor. Hovudtyngda av påkøyringane skjer på Rv 555-560-5234-5242 og er spreidd over strekningar i heile kommunen. Det er likevel einskilde stader med større konsentrasjonar der det kan vere aktuelt å utføre tiltak.

Det er vegvesenet som utfører sikringstiltak langs riksvegnettet medan det er kommunen som har ansvaret for å registrere påkøyringar. For at vegstyremaktene skal kunne styre slike tiltak der dei gjev best effekt er det difor viktig at alle påkøyringar vert registrert i Hjorteviltregisteret.

| Art/År | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|--------|------|------|------|------|------|
| Hjort  | 28   | 22   | 25   | 24   | 19   |

Figur 18

Følgjande kart viser kvar langs riksvegane det er registrert påkøyrslar i 2021.



## 5. Søknad om fellingsløyve

Utrekning av arealbaserte løyve med utgangspunkt i forskriftsfesta minsteareal;

| Hjortevald                           | Areal              | Minste-areal i daa | Bestand s-plan | Tidsrom | 800     | 400    | Totalt areal |
|--------------------------------------|--------------------|--------------------|----------------|---------|---------|--------|--------------|
| Sund Hjortevald                      | 74 475 daa         | 800                | Ja – 5 år      | 2021-25 | 74 475  |        |              |
| Ørnafjedlet og Nordre Fjell storvald | 12 430 + 15675 daa | 800                | Ja – 3 år      | 2021-23 | 28 105  |        |              |
| Liatårnet storvald                   | 24 610 daa         | 800                | Ja – 3 år      | 2020-22 | 24 610  |        |              |
| Storbukkane Hjortevald               | 36 960 daa         | 800 (400)          | Ja – 3 år      | 2020-22 | 28 680  | 8 280  |              |
| Blom, Blom/Dale nord                 | 5 230 daa          | 800                | Nei            |         | 5 230   |        |              |
| Nautnes vald                         | 1 916 daa          | 800                | Nei            |         | 1 916   |        |              |
| Tjeldstø Vest vald                   | 2 000 daa          | 800                | Nei            |         | 2 000   |        |              |
| Breivik/Oen vald                     | 4 245 daa          | 400                | Nei            |         |         | 4 245  |              |
| Søre Sæle vald                       | 2 627 daa          | 400                | Nei            |         |         | 2 627  |              |
| Toftøy sør vald                      | 1 323 daa          | 800                | Nei            |         | 1 323   |        |              |
| Alvheim vald                         | 2 680 daa          | 800                | Nei            |         | 2 680   |        |              |
| Skogsøy/Herdlevær                    | 2 689 daa          | 800                | Nei            |         | 2 689   |        |              |
| Ono Rong vald                        | 1 786 daa          | 800                | Nei            |         | 1 786   |        |              |
| Skjold/Hatten vald                   | 1 674 daa          | 400                | Nei            |         |         | 1 674  |              |
| Toftøy aust vald                     | 3 178 daa          | 800                | Nei            |         | 3 178   |        |              |
| Sture vald                           | 2 141 daa          | 800                | Nei            |         | 2 141   |        |              |
| Totalt teljande areal:               |                    |                    |                |         | 178 813 | 16 826 | 195 639      |

Søknad om årlege løyve for felling av hjort i bestandsplan for perioden 2025-2029;

| Arealoversikt                        | 800 daa | 400 daa | samla areal |
|--------------------------------------|---------|---------|-------------|
| Totalareal                           | 178 813 | 16 826  | 195 639     |
| Antall omsøkte løyve basert på areal | 224     | 42      | 266         |
| Beiteskadeløyve                      |         |         | 10          |
| Skrapdyrløyve                        |         |         | 15          |
| Totalt tal løyve                     |         |         | 291         |

## 6. Arbeid med oppdatering av teljande areal for Øygarden kommune

### 6.1. Gjennomgang av vald og jaktfelt for å få etablert ein oppdatert oppmåling av teljande areal

Det er starta eit arbeid med å få etablert ei oppdatert oppmåling av teljande areal i kommunen. Ein del av dette arbeidet er også å få eit samla kart over alle teigar som utgjer det totale jaktarealet i kommunen. Dette arbeidet er svært omfattande og vil ta mykje ressursar dei neste åra. Når dette arbeidet er ferdig, kan det få konsekvensar for talet på arealbaserte fellingsløyve, noko som kan gjere at deler av bestandsplanen må revurderast undervegs i perioden.

Før dette arbeidet er ferdigstilt, vil det ikkje vere rett å bruke nye arealtal for nokre jaktfelt/vald og gamle tal for andre jaktfelt. Hjorteforvaltninga har difor valt å bruke dei same tala for teljande areal for alle jaktfelt og vald som vart nytta i 2022. Dette, saman med søknad om beiteskaderløyve og skrapdyrløyve, gjer at ein totalt sett kjem ut med 291 løyve som eit søknadsgrunnlag til kommunen.

Av søknader som har vorte handsama etter kommunesamanslåinga ser ein at resultatet er at dei fleste jaktfelt/valda får redusert teljande areal i forhold til tidlegare. Dette har samanheng med at det var ulik praksis i dei tre tidlegare kommunane med omsyn til kva slags type areal som vart godkjent som teljande areal. I nye Øygarden kommune vert til dømes ikkje skrin fastmark, blokkmark samt areal som er omregulert til anna føremål enn LNF godkjent som teljande areal, noko som kan ha vore godkjent i enkelte av dei tre tidlegare kommunane i tidlegare år. Konsekvensane for samla teljande areal i kommunen vil verte klårare i åra framover etter kvart som nye søknader vert handsama. For enkelte jaktfelt kan endringane føre til at dei kjem under minstearealet for tildeling av eit fellingsløyva.

# BAKGRUNNSMATERIALE

## VEDLEGG

Vedlegg 1 – Rammeverk for hjorteforvaltninga

Vedlegg 2 – Valdstruktur og organisering

Vedlegg 3 – Evalueringsrapport 20250121 (tabell)

Vedlegg 4 – Hjorteforvaltninga på valdnivå

Vedlegg 5 – Kjeveanalyse 2023 – Resultata

Vedlegg 6 – Andre statistikkar